

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/83-2

## **Fylkeskommunal eigarutøving 2017: Utpeiking av styre i F1 Holding AS**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet frittek Jan Øhlckers frå vervet som medlem og leiar av styret i F1 Holding AS.
2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styremedlem til F1 Holding AS for resten av perioden Jan Øhlckers er valt, dvs. ut valperioden 2015-2019: .....
3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som ny styreleiar i F1 Holding AS for resten av same valperiode: .....
4. Fylkesutvalet ber styreleiar i F1 Holding AS kalle inn til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Fylkeskommunen har fått e-post frå noverande styreleiar i selskapet, Jan Øhlckers, 4.01.2017, der han viser til korleis FU valde å løyse styresamansetninga for Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) i sak 126/16, jf. FU-møtet 23.11.16. Styreleiaren rår til at FU vel ei tilsvarande løysing for F1 Holding (F1H), det vil seie at det vert peikt ut ein politikar som styre.

Styreleiar i F1H utfører dagleg leiar-oppgåver for selskapet gjennom eigen avtale mellom selskapet og styreleiar sitt selskap, Vidsyn rådgivning AS (Vidsyn). Jan Øhlckers har i same e-post varsla at han er interessert i å halde fram som dagleg leiar i selskapet så lenge fylkeskommunen finn det føremålstenleg. I eit slikt tilfelle kan dagens avtale mellom F1H og Vidsyn vidareførast. Til FU si orientering er det lagt opp til at SFH løyser dagleg leiar-oppgåver ved å inngå ein tilsvarande tenestevtale med Vidsyn.

Dersom FU er samd i tilrådinga om ny styresamansetning, er e-posten frå Jan Øhlckers dagsett 4.1.2017 å sjå på som eit ynskje om å fråtre styre i F1H, slik at nytt styre kan veljast.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Jan Øhlckers vart peikt ut av FU som ny styreleiar i F1H i sak 15/15 i møte dagsett 25.02.15.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

#### Delegeringsreglementet

Mynde til å peike ut representant(ar) til styret i F1 Holding AS er delegert frå fylkestinget til fylkesutvalet, sjå delegeringsreglementet punkt 4.1.

#### Aksjelova

Det følgjer av aksjeselskapslova (asl.) § 6-3 at styret blir valt av generalforsamlinga (GF). Det medfører at GF i etterkant av FU sitt ev. vedtak om utpeiking av nytt styre formelt må gjennomføre eit val.

Asl. § 6-7 regulerer når ein styremedlem kan tre frå og heimlar GF sitt høve til å avsette ein styremedlem.

Etter asl. § 6-6 har ein styremedlem ei tenestetid på to år. Vedtektene til selskapet kan sette tenestetida kortare eller lenger, men ikkje meir enn 4 år. Vedtektene til F1H seier ikkje noko om styremedlemmane si tenestetid. Som utgangspunkt gjeld då lova sine reglar. Det hindrar ikkje FU i å peike ut ein kandidat for ein periode på meir enn 2 år. Det har vore FU sin intensjon at dei utpeikte representantane skal sitte som styremedlemmar frå dei er peikt ut og ut den fylkeskommunale valperioden.

Valet av ny styreleiar gjeld ut gjeldande fylkeskommunal valperiode 2015-2019.

#### Val av ny styreleiar

Styret har høve til å peike ut styrets leiar med mindre valet blir gjort av generalforsamlinga, jf. asl. § 6-1, andre avsnitt, jf. selskapet sine vedtekter. Det følgjer av asl. § 6-1 (2) at dersom styret har ein medlem, vert han eller ho rekna som styreleiar.

#### Kjønnsrepresentasjon i styre

Reglane om kjønnsrepresentasjon gjeld ikkje for aksjeselskap der styret består av ein medlem, sjå asl. § 20-6, 1. ledd.

#### Vurdering av organisering av fylkeskommunalt eigde holdingselskap

For vurderinga av dagens organisering av SFH og F1H syner eg til saksframlegget i FU-sak 126/16 (SFH) og FU-sakene 7/15 og 15/15 (F1H).

Eg vurderer at det er hensiktsmessig at dei to holdingselskapa fylkeskommunen fullt ut eig har lik organisering så lenge selskapa sine føremål eller andre omsyn ikkje tilseier noko anna. Pr i dag ser eg ikkje omsyn tilseier noko anna og rår til at FU peikar ut eit nytt styre for F1H.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår FU til å peike ut ny representant, og gjerne ein politisk representant, til styret i F1 Holding AS for resten av valperioden 2015-2019, slik at organiseringa av dei to fylkeskommunalt eigde holdingselskapa F1 Holding og Sogn og Fjordane Holding blir like. Fylkesrådmannen gjev vidare tilråding om at FU peikar ut ny styreleiar for selskapet. Endeleg gjev fylkesrådmannen tilråding om at fylkesutvalet ber styret i F1 Holding AS sørgje for innkalling til ekstraordinær generalforsamling for nyval av styremedlem og styreleiar.